



DETALJREGULERINGPLAN FOR TENÅL

REGULERINGSFØRESEGNER **ALTERNATIV 2**

Dato for siste revisjon av plankart : 07.01.20

Dato for siste revisjon av føresegnene : 07.01.20

Plan: DETALJREGULERINGSPAN FOR BUSTADFELT TENÅL	Planid:1417 2014002
	Arkiv nr.:
Utarbeidd av: Asplan Viak AS – 14.11.2016	
Vedtak/Stadfesting: Vik Kommunestyre 16.2.2017, sak 004/17	Dato org. føresegner: Siste revisjon: 07.01.20 Vedtak om endring
Avskrift	Sign.: OW

§ 1 GENERELT

1.1 Føremål

Planen skal m.a. leggja til rette for:

- Utbygging av eit attraktivt bustadområde med god arealutnytting.
- Sikrings- og reparasjonstiltak i og langs elveløpet slik at eks. og ny busetnad på sørsida vert trygg for flaum og skred, og slik at natur- og kulturminne verdiar vert ivaretekne.
- Eit funksjonelt og framtidretta vegnett som og ivaretek trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

1.2 Planavgrensing

Det regulerede området er vist med plangrense på plankart dagsett : **14.11.16, rev.24.03.17**

1.3 Areala i planområdet skal nyttast til fylgjande reguleringsføremål:

(Plan og bygningslova §§ 12-5, 12-6 og 12-7):

Område for bygningar og anlegg (§ 12-5, nr.1)

- Bustader, frittliggjande småhus
- Bustader, konsentrert småhusbusetnad
- Leikeplassar

Samferdsel og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

- Veg
- Køyreveg
- Fortau
- Gang/sykkelveg
- Annan veggrunn – tekniske anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Parkering

Grønstruktur (§12-5 nr. 3)

- Friområde

LNFR- område (§ 12-5, nr.5)

- Landbruksformål
- Natur- og friluftsområde

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandzone (§12-5 nr.6)

- Friluftsområde i vassdrag

Omsynssoner (§ 12-6, jf. §11-8)

- Sikringssone (11-8, a.1): Frisikt
- Faresone (11-8, a.3): Ras- og skredfare
- Faresone (11-8, a.3): Høgspenningsanlegg inkl. høgspenkablar
- Sone med særlege omsyn (11-8,c): Bevaring naturmiljø
- Sone med særlege omsyn (11-8,c): Bevaring kulturmiljø
- Bandleggingssone. (11-8,d) Automatisk freda kulturminne.

Føresegnområde (§12-7)

- Anlegg- og riggområde
- Krav om rekkjefølge, arkeologisk utgraving

§ 2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Dokumentasjon ved søknad om tiltak, generelt

- 2.1.1 Søknad om løyve til tiltak skal m.a. ha med detaljert høgdesett situasjonsplan med eigna målestokk. Planen skal gjera greie for dei aktuelle tiltaka på ein tenleg måte.
- 2.1.2 Universell utforming: Ved utforming av bygningar, trafikkanlegg og uteareal elles skal prinsippa om universell utforming leggjast til grunn så langt råd er. I søknader om løyve til tiltak skal det gjerast greie for korleis desse prinsippa er tenkt gjennomført.

2.2 Dokumentasjon ved søknad om tiltak/gjennomføring av tiltak i Stadheimselvi.

- 2.2.1 Avklaring etter gjeldande regelverk:
Detaljplan for reparasjons- og sikringstiltak mot skred i Stadheimselvi, rev.12.08.14 ligg til grunn for og er innarbeidd i denne reguleringplanen for Tenål. Før søknad om igangsetjingsløyve, skal tiltaka i vassdraget avklarast etter vassressurslova og anna lovverk.
- 2.2.2 Detaljplanar for utforming av anlegga:
Det skal, ved søknad om igangsetjingsløyve, liggja føre detaljert plan for utforming av elveløp og sideareal. Det skal takast mest mogleg miljøomsyn, m.a. omsyn til at elva er leve/oppvekstområde for fisk. Planen skal utarbeidast i samråd med fiskebiologar.
- 2.2.3 Plan for anleggsgjennomføring:
Det skal, ved søknad om igangsetjingsløyve liggja føre plan for anleggs-gjennomføring der miljøomsyna, m.a. omsyn til at elva er leve/oppvekstområde for fisk, er innarbeidde. Planen skal utarbeidast i samråd med fiskebiologar, og det skal leggjast opp til at fiskebiologar vert tekne med på råd under anleggsarbeidet.
Fastsetjing av periode av året der arbeidet kan gjerast med minst mogleg skade for miljøet, må skje i dialog med Fylkesmannen

2.3 Handtering av overvatn

- 2.3.1 Dimensjonering av system for overvasshandtering skal så langt råd byggja på oppdaterte nedbørsprognosar der det er teke omsyn til framtidige klimaendringar.
- 2.3.2 Ureina overvatn, t.d. frå anleggsverksemd, skal ikkje tilførast elva - korkje i anleggsfase eller i driftsfase.

2.4 Utforming, terreng og landskap

- 2.4.1 Det skal leggjast vekt på god landskapstilpassing. Terrenginngrep skal skje varsamt. Vegskjeringar/fyllingar og liknande skal tilplantast eller tilstellast på annan tiltalande måte, og murar skal ha ei god utforming.
- 2.4.2 Inngrep (t.d. grøft, skjering, fylling) som trengst ved bygging av vegar, kan også utførast på tilgrensande område med anna arealbruksføre mål enn samferdsel og teknisk infrastruktur. Dette føreset at tiltaket ikkje er i vesentleg konflikt med verneomsyn.

2.5 Kulturminne og kulturlandskap

- 2.5.1 Dersom det under utbygging vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje tidlegare er registrerte, skal arbeidet stansast med ein gong, og regionale kulturvernstyremakter varslast, jamfør § 8 i kulturminnelova av 9.juni 1978.
- 2.5.2 Forbygginga etter flaumskredet i 1887 skal generelt takast vare på og restaurerast så langt det let seg gjera. Dei viktigaste delane av anlegget er tekne inn i omsynssoona for bevaring av kulturmiljø (§9.5).
- 2.5.3 Kulturlandskapet i planområdet skal takast vare på – i den grad dei planlagde tiltaka gjer dette mogleg.

2.6 Plassering av kommunaltekniske anlegg (anlegg for vatn, avlaup og kabelanlegg) Slike anlegg kan plasserast der det er tenleg i heile planområdet, men skal likevel så langt som råd plasserast i/langs veganlegga som ligg i reguleringsplanen.

- 2.7 Ved opparbeiding eller infrastruktur som er omfatta av refusjonsreglane i plan- og bygningslova kap.18 kan det krevast *refusjon* etter føresegnene i pbl. §§ 18-3 flg. .

§ 3 REKKJEFØLGJEKRAV

3.1 Byggjeforbod før tiltak i Stadheimselvi er gjennomført

- 3.1.1 Før den nye brua over Stadheimselvi (veg KV3) kan byggjast, skal omlegging/senking av elva vera gjennomført på den aktuelle strekninga – for å oppnå tilstrekkeleg flaumkapasitet under brua.
- 3.1.2 I faresona for ras og skredfare (Jfr.§9.2) kan det ikkje oppførast eller gjerast vesentlege utvidingar av bygningar med krav til sikkerheitsklasse S2 (bustader og liknande – jf. teknisk forskrift: TEK10) før flaumskredsikring er gjennomført .
Bygningar/tiltak med krav til sikkerheitsklasse S1 kan tillatast når det ligg føre uttale frå geolog om at krav i TEK 10 er oppfylt.

3.2 Rekkjefølge-reglar knytt til krav om vegutløysing og opparbeiding av kommunaltekniske anlegg

- 3.2.1 Det kan ikkje startast bygging/anleggsarbeid for nye bustadeiningar i den delen av planområdet som ligg sør for Stadheimselvi før ny hovudveg KV2 langs sørgrensa av planområdet er ferdig opparbeidd og teken i bruk så langt det trengst for det aktuelle området.
- 3.2.2 Vegane KV6 og GS6 må vera ferdig opparbeidd i samsvar med godkjend plan før det kan startast bygging/anleggsarbeid for nye bustadeiningar i områda: tomt 15-1, BF16, tomt 17-2,4,5 og 6, samt BF19
- 3.2.3 I områda BF 3, 4, 5, 6 samt område 9, tomt1 til og med 5, og tomtene 2-2 og 10-1 nord for elva, kan det ikkje startast bygging/anleggsarbeid for nye bustadeiningar før bru over Stadheimselvi og vidare vegutløysing nord for elva er bygd i samsvar med denne planen.
- 3.2.4 Leikeplassane L1, L2 og L3 og kommunaltekniske anlegg (for vatn, avlaup mm.) skal opparbeiddast samstundes med veganlegga.

3.3 Automatisk freda kulturminne

Før iverksetjing av bustadbygging eller opprusting av veg, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna 223644, 223646, 223641, 223654, 223659, 223639, 223636, 223635, 223649 som er merka som område for føresegn #1, #2, #3 osv. i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.

§ 4 BEBYGGELSE OG ANLEGG (Plan og bygningslova § 12-5 nr.1)

4.1 Felles reglar for bygningar og anlegg

4.1.1 Plassering av bygningar:

Bygningane skal plasserast innafor byggjegranser i samsvar med plankartet. Der slike grenser manglar, gjeld reglane i plan- og bygningslova/-forskrifter.

Innafor råma av lov/forskrift kan garasjar med innkøyring parallelt med tilkomstveg plasserast ned til 1,0 m frå regulert «anna vegareal». Garasjar med innkøyring vinkelrett på tilkomstvegen skal ha avstand min. 5m frå vegen.

Det kan elles gjevast løyve til garasjar og mindre bygningar elles, samt støttemurar og planering m.m. utafor byggjegranser og, der det er tenleg og forsvarleg, heilt inntil nabotomt eller tilgrensande reguleringsføre mål.

Bustadhus og garasjar/uthus skal som hovudregel plasserast om lag vinkelrett på eller parallelt med tilgrensande veg.

Regelen kan fråvikast når omsyn til eksisterande bygningar og landskap/terreng talar sterkt for det.

4.1.2 Utforming av bygningar, høgde

Bygningane skal ha ei estetisk god utforming – både i seg sjølv og sett i høve til omgjevnadene - og skal gå inn i ei harmonisk løysing saman med nabobygningar. Det kan innafor denne regelen tillatast ulike takløysingar – t.d. flatt tak, saltak og andre typar skråtak.

Frittliggjande garasjar skal ha gesimshøgde maks. 3 m (4,5 m ved ev. løysing med kjellar). Bustadhus skal ha gesimshøgde maks 7,0 meter og mønehøgde maks 9,0 meter.

4.1.3 Avkøyrslar/tomtevegar skal utformast trafikktrygt, med gode siktilhøve og med god nok avflating. Første 5 meter ut frå avkøyrslpunktet skal ha stigning/fall i snitt maks 1:15, og vegen vidare skal ikkje vera brattare enn 1:8. Avrunding av avkøyrslkant ved tilknytning til offentleg køyreveg/køyrbar gangveg skal ha radius min. 2,5 meter.

4.1.4 Biloppstilling: Det skal vera min. 2 biloppstillingsplassar pr. husvære (inkl. plassar i garasje/carport). For kvar hybel/bihusvære med to eller færre rom, skal det i tillegg vera min. 1 biloppstillingsplass

4.1.5 Energi: Ved søknad om løyve til oppføring av bustad skal det vurderast energifleksibilitet og alternative løysingar for varme og kjøling

4.1.6 Støy: Ved søknad om løyve til oppføring av bustad skal det gjerast greie for ev. naudsynte tiltak mot støy som går ut over tilrådde grenseverdier i rundskriv T-1442. Naudsynte tiltak skal vera gjennomførde før bruksløyve vert gjeve.

4.1.7 Avfallshandtering: Søknad om tiltak skal visa interne løysingar for plassering av bossdunkar knytt til dei aktuelle omsøkte bustadeiningane.

4.2 **Frittliggjande småhus BF**

4.2.1 Tomteinndeling/utbyggingsform: Områda skal nyttast til småhus og tilhøyrande anlegg - i utgangspunktet frittliggjande einestader med den tomteinndelinga som er synt, jf. likevel pkt. 4.2.4 nedanfor om nokre større tomteiningar.

Det kan og byggjast tomannsbustader på tomtene – eventuelt kan to eller fleire tomter slåast saman til rekkjehustomter – der tilhøva ligg til rette for det.

Tomtegrensene som er synte på plankartet kan endrast, men viss ei tomtegrense på noko punkt vert flytt meir enn 5 meter, må det lagast ny tomtedelingsplan for heile det aktuelle feltet (t.d. BF4, BF6...). Viss grenser for stortomter (jf. nedanfor) tilsvarande vert flytt meir enn 5 meter på kostnad av tilgrensande område, må det lagast ny tomtedelingsplan for dette tilgrensande området.

Grensejusteringar skal ikkje skje på ein slik måte at det vert færre tenelege tomter i områda.

4.2.2 Plankrav: Som del av søknad om tiltak skal det utarbeidast situasjonsplan (jf. 2.1.1) for kvar tomt eventuelt for kvart rekkjehusområde (jf.4.2.1).

Planen skal syna m.a. alle bygningar, garasje/bil-oppstilling og eksisterande/planlagd terrengutforming. Høgde på topp grunnmur skal først på

4.2.3 Tillate utbygd areal: Bebygd areal (BYA) skal vera maksimalt 30%,men ikkje over 250m², rekna pr. regulert tomt. Pålagde biloppstillings-plassar på terreng (jf.4.1.4) kjem i tillegg til dette.

4.2.4 Plankrav knytt til større tomteiningar, her kalla stortomter: BF 3, 5, 7 og BF 18:
I desse områda er det ikkje synt intern tomtedeling.
Før det kan skje foretting og vidare utbygging på stortomtene, skal det liggja føre godkjent situasjonsplan.
Situasjonsplanar for stortomter skal syna tomtegrenser og tilkomst for min. 1 ny bustadtomt .
Reglane i 4.1 og 4.2 gjeld elles så langt det høver.

Ved frådeling av nye tomter skal det betalast refusjon for infrastrukturkostnader/fellessanlegg etter takstar fastsett av kommunestyret.

4.2.5 Undersøkjingsplikt ureina grunn.
Tomtene BF10-2,-4 og -5 kan ikkje byggjast på før det er avklart om grunnen er ureina etter tidlegare bruk, og evt. naudsynte tiltak er utført for å gjera grunnen trygg

4.2.6 Omsynssoner og rigg/anleggsområde (jf. §§9 og 10 nedanfor)
I kryss/avkøyrslar er det sett av frisiktsoner/omsynssoner frisikt.
I fleire av dei regulerte byggjeområda er det sett av anlegg- og riggområde
Områda BF10, BF11, BF12 og BF13 er delvis regulerte til omsynssoner for bevaring kulturmiljø og/eller naturmiljø langs elva.

4.3 Konsentrert småhusbusetnad BK

4.3.1 Utbyggingsform: Området skal nyttast til småhus og tilhøyrande anlegg - i tett utnytting – i form av rekkjehus, kjedehus eller liknande.

4.3.2 Plankrav: Som del av søknad om tiltak skal det utarbeidast samla situasjonsplan (jf. 2.1.1) for hele BK . Planen skal syna løysing/plassering for minst 6 bustader.
Planen skal syna m.a. alle bygningar, garasje/bil-oppstilling, felles leikeområde og uteområde elles, samt planlagd terrengutforming. Høgde på topp grunnmur skal førast på.

4.3.3 Tillate utbygd areal. Utnyttingsgrad: Bebygd areal (BYA) skal vera maksimalt 40%.
Pålagde biloppstillings-plassar på terreng (jf.4.1.4) kjem i tillegg til dette.

4.4 Leikeplassar L1 – 3

4.4.1 Områda skal nyttast til felles leikeplassar. Det kan plasserast mindre bygningar/tiltak for dette føremålet.

4.4.2 L1 er felles for BF11 og 12 og for BF14 t.o.m.19. L2 og L3 er felles for alle bustader i planområdet nord for Stadeheimselvi.

§ 5 SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (Plan og bygningslova § 12-5 nr.2)

5.1 Veg (V), Køyreveg (KV)

5.1.1 Kryss/avkøyrslar

Områda skal utformast trafikktrygt, med gode sikttilhøve og med god nok avflating i avkøyrslpunktet. Det skal opparbeidast tilstrekkelege frisiktsoner med fri sikt ned til ei høgde av 0,5 m over tilgrensande vegplan (også der enkeltavkøyrslar/siktsoner ikkje er merka på plankartet)

Avkøyrslar til tilgrensande fylkesveg(KV1) eller til hovudveg i sør (KV2) er ikkje tillate ut over det som er synt på plankartet .

5.1.2 Stigningstilhøve på vegar

Veg (V, KV) skal , langs senterlina, ikkje nokon stad vera brattare enn 9% (ca.1:11) på rettstrekningar og 8% (1:12,5) i kurver – målt som snitt over ei strekning på 20 m.

For KV8 og vegar merka V kan tillatast noko større stigning der terrenghøva krev det.

5.2 Fortau (SF), gang og sykkelveg (GS)

GS2 skal vera køyrbar som tilkomstveg til tilgrensande tomter i BF11, 12, 14, 15 og 17 og til vestlegaste våningshus i område LL2

GS4 skal vera køyrbar som tilkomstveg til 9-4, 9-5 og 10-1.

GS6 skal vera køyrbar fram til avkøyrslar for tomtene 15-2 og 17-1.

Gang- og sykkelveggar kan elles køyrast av renovasjonskøyrerøy og ved snøbrøyting/anna drift. Det kan monterst bom for å hindra uynskt gjennomkøyring.

Gang/sykkelveggar skal vera flatast mogleg, og ikkje nokon stad brattare enn 14% (ca.1:7)

5.3 Annan veggrunn tekniske anlegg og annan veggrunn (VG) - grøntareal

Dette er areal for grøfter, fyllingar/skjeringar, murar og sideterreng elles langs køyrevegen. Areal skal elles opparbeidast på ein tiltalande/parkmessig måte.

Der det kan skje utan negativ verknad for trafikkavvikling/tryggleik kan det plasserast felles postkassestativ og/eller felles oppstillingsplass for bussbeholdarar knytt til offentleg renovasjon

I område VG vest for KV6, kan det opparbeidast gjesteparkering - føresett at det kan skje utan negativ verknad for trafikkavvikling/tryggleik

5.4 Parkeringsareal

I område P1 og P2 kan det opparbeidast gjesteparkeringsplassar.

5.5 Avkjørsler

Tomter skal ha avkjørsle frå offentleg veg i samsvar med matrise under

Veg	Tomter
KV1	Tomt 2-1 og tomt 14-6 (som fastsett på plankart)
KV2	Tomt 13-2
KV3	Tomt 2-2, BF4, BF5, tomtene 6-3 t.o.m. 6-9 og 9-1 t.o.m. 9-3, og alternativ for BF7 og BF3
KV4	BK, BF8 tomt 13-1 og alternativ for BF7
KV5	Tomt 9-6 og alternativ for BF7 (sørlege del)
KV6	BF16, BF19 og tomtene 15-1, 17-2, 17-4, 17-5, 17-6
KV7	BF20
KV8	Tomtene 6-1 og 6-2 og del av BF3
GS2	BF11, BF12, tomtene 14-2, 15-2, 17-1, 17-3 og LL2 (våningshus vest)
GS4	Tomtene 9-4, 9-5 og 10-1
GS6	Alternativ for tomtene 15-2 og 17-1
V1	Tomtene 10-2, 10-3, 10-4 og 10-5
V2	BF18
V3	BF21, LL2 (unnateke våningshus vest)
V4	Tomtene 14-1 og 14-3
V5	Tomt 14-4, 14-5 og alternativ for 14-2
V6	BF18, nord-vestre del

§ 6 GRØNSTRUKTUR (Plan og bygningslova § 12-5 nr.3)

6.1 Friområde – GF1 – GF6

Arealbruken er delvis kombinert med omsynssone kulturmiljø, sjå 9.5 nedanfor

6.1.1 Inngrep i eksisterande terreng/vegetasjon skal avgrensa seg til det som trengst for å gjennomføra naudsynte sikrings og reparasjonstiltak og føra fram planlagde vegar og tekniske installasjonar..

Reparasjons og sikringstiltak skal avsluttast slik at eit naturleg vegetasjonsbelte kan etablera seg langs elveløpet.

Det kan leggjast til rette for leik/opphaldsareal mv. der dette kan skje utan hinder for vassdrag/natur- og kulturverninteressene

6.1.2 Omlegging av Stadheimselvi

Av omsyn til flaumtilhøva og for å kunna byggja bru, kan elveløpet omleggjast innafør område GF1, GF2 og GF3. Dette gjeld både horisontal- og vertikaltraseen til elva.

Terrenget skal tilstellast slik at vegetasjon kan reetablerast og fri vasstrøyming sikrast, sameleis oppvekstvilkåra for fisk, jf. felles føresegner pkt. 2.2. over.

**§ 7 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL
(Plan og bygningslova § 12-5 nr.5)**

7.1 Landbruksføremål LL 1, 2 og 3

Områda skal nyttast til landbruksdrift – i samsvar med bruken i dag

7.2 Landbruksføremål LL 1

Arealbruken er kombinert med bruk og vern av vassdrag og delvis med omsynssone kulturmiljø, sjå 9.5 nedanfor.

Det kan utførast reparasjonstiltak på forbygging i samsvar med godkjent sikringsplan..
Området skal ha eit naturleg vegetasjonsbelte langs elva, jamfør vassressurslova § 11.

7.3 Natur- og friluftsområde – NF1 og 2

Arealbruken er kombinert med med omsynssone kulturmiljø, sjå 9.5 nedanfor.

Det kan utførast reparasjonstiltak på forbygginga i samsvar med godkjend sikringsplan..
Området skal ha eit naturleg vegetasjonsbelte langs elva, jamfør vassressurslova § 11.
Eksisterande turvegar i området skal takast vare på.

§ 8 BRUK AV VERN AV SJØ OG VASSDRAG (Plan og bygningslova § 12-5 nr.6)

8.1 Friluftsområde i vassdrag, VF 1 - 5

Reguleringsføremålet VF omfattar også mellomliggjande areal under bruene.

Dette er sjølve elvestrengen (for det meste lagt inn som eksisterande elv iflg. kartgrunlaget). Elva kan på ei strekning (jf. over) leggjast om både når det gjed horisontaltrase og vertikaltrase.

Pkt.2.2, 6.1.1 og 6.1.2 gjeld så langt det høver.

§ 9 OMSYNSSONER

(Plan og bygningslova § 12-6, jf. 11-8)

9.1 Sikringssone: Frisikt (§11-8, a.1)

Innanfor dei viste frisiktsonene skal det ikkje vere sikthindrande gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter over plannivå på tilstøytande veg.

Statens vegvesen og kommunen kan krevje sikthindrande element fjerna.

9.2 Faresone: Ras- og skredfare (§11-8, a.3)

I faresona for flaumskredfare kan det ikkje oppførast eller gjerast vesentlege utvidingar av bygningar med krav til sikkerheitsklasse S2 (bustader og liknande – jf. TEK10) før flaumskredsikring er gjennomført .

Bygningar/tiltak med krav til sikkerheitsklasse S1 kan tillatast når det ligg føre uttale frå geolog om at krav i TEK 10 er oppfylt.

jfr. NVE-plan, reguleringsplan Badnadalen og denne reguleringsplanen for Tenål

9.3 Faresone: Høgspenningsanlegg inkl. høgspenkablar (11-8, a.3)

Høgspentline med sikringssone.

Alle tiltak i faresona må avklarast med netteigar.

9.4 Sone med særlege omsyn: Bevaring naturmiljø (§11-8, c)

Det kan utførast reparasjonstiltak på elveforbygginga i samsvar med godkjend sikringsplan.

Området skal ha eit naturleg vegetasjonsbelte langs elva, jamfør vassressurslova § 11

På området kan det ikkje setjast i verk byggetiltak, eller tiltak som kan skade elveførebygginga eller vegetasjonsbeltet.

9.5 Sone med særlege omsyn: Bevaring kulturmiljø (§11-8, c)

Forbygginga etter flaumskredet i 1887 skal takast vare på og restaurerast.

På området kan det ikkje setjast i verk byggetiltak, eller tiltak som kan skade elveførebygginga eller vegetasjonsbeltet.

9.6 Bandlegging, automatisk freda kulturminne, id 120481, (§11-8, d)

Automatisk freda kulturminne (omsynssone H730)- bandlagt etter Kulturminnelova.

I området er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate å setja i gang tiltak som er eigna til å skada, øydeleggja, grava ut, flytte, forandra, dekkja til, skjula eller på anna måte utilbørleg skjemma det automatisk freda kulturminnet, eller framkalla fare for at dette vil skje.

§ 10 FØRESEGNOMRÅDE (Plan og bygningslova § 12-7)

10.1 Anlegg- og riggområde, #10

Desse mellombelse anleggsområda er regulerte til andre føremål, men i gjennomføringsperioden for dei planlagde tiltaka, kan det i områda gjerast masseflytting og andre anleggstiltak, under dette planering. Innanfor områda kan det lagrast massar i samband med anleggsarbeidet.

Inngrepa skal gjennomførast med varsemd og områda skal, når dei aktuelle tiltaka er fullførde, setjast i stand til det permanente føremålet som er gjeve i planen

10.2 Krav om rekkefølge, arkeologisk utgraving, #1 - 9

Før iverksetjing av bustadbygging eller opprusting av veg, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving som omtala i pkt. 3.3 over.